



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Karen Marie Tvedt

Tveiten nedre
5911 ALVERSUND

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Knut Bjørnevoll

Vår ref.

2010/1534 - 0 -
19224/2010

Telefon

56375000

Arkivkode:

139/48

Dato:

04.08.2010

Delegert sak

**Godkjent løyve til tiltak - tilbygg/fasadeendring og dispensasjon
Karin Marie Tvedt - gbnr 139/48 - Tveiten nedre**

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteken 30.06.2010. og vedlagt:

- Teikningar og foto
- situasjonsplan
- kvittering for mottekne nabovarsel
- søknad om dispensasjon
- oversiktskart,
- utsnitt av plan
- skråfoto

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld endring av fasade med nye vindauge, altandør og bygging av altan på 10 m². Bustadeigedommen ligg i LNF-område i *kommunedelplan for Knarvik – Alversund*. Saka må difor handsamast som dispensasjon, men med forenkla handsaming og utan dispensasjonsgebyr.

Dispensasjon

Kommunedelplanen opnar for bygging på bustadeigedommar i LNF

"Mindre tiltak, som er ein naturleg del av tunet, på bebygd bustadeigedom, er tillate utanfor den funksjonelle strandsona." – "Mindre tiltak er garasje, uthus og mindre tilbygg/påbygg på bustad."

Eigedommen ligg 130 m frå strandlinja, men likevel innafor funksjonell strandsone, som inkluderer store delar av Tveitneset. Ved den aktuelle eigedommen går grensa 220 m frå sjøen.

For dette omsøkte *svært små* tiltaket verkar det urimeleg å måtta gå vegen om høyring før vedtak om dispensasjon. Det er viktig for tiltakshavar ut frå alder og helsesituasjon å få gjennomført tiltaket straks, utan å måtta venta på ei fullstendig dispensasjonsvurdering

Det er søkt om dispensasjon frå føresegnene i kommunedelplanen, som forbyr bygging i LNF - område innafor funksjonell strandsone.

(forts.)



Kommunen har i samråd med fylkesmannen innført ei forenkla rutine for handsaming av mindre tiltak på bebygd bustadeigedom i LNF utanfor 100-metersbeltet, og vi vil gje denne saka tilsvarende forenkla handsaming, med vedtak direkte og klagevurdering i etterkant.

Vurdering:

Etter PBL kapittel 19 skal fordelane vera klart større enn ulempene ved tiltaket for å kunne gje dispensasjon.

Moment som talar mot godkjenning:

1. Byggeforbodet i LNF og funksjonell strandsone i kommunedelplanen

Moment som talar for å godkjenna søknaden:

1. Grensa for den funksjonelle strandsona er her trekt uvanleg langt inne på land (220 m), til og med over toppen av åsen. Huset ligg langt frå sjøen og er ikkje direkte eksponert mot farleia. Tiltaket utgjer eit beskjedent inngrep 130 m frå strandlinja.

2. Eigedommen er utbygd med bustad, det nye tiltaket utgjer ei minimal utviding.

3. Tiltaket gjer det lettare for brukaren å komma seg ut i frisk luft, som er eitt av hovudmåla i lova (Universell utforming, pbl § 1-1).

4. Tiltaket vil ikkje forstyrre landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljø og andre interesser som kommunedelplanen er meint å ivareta.

Etter administrasjon si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknaden om dispensasjon, i samsvar med pbl § 19 -2. Administrasjonen har komme til at dispensasjon frå kommunedelplan ikkje vil få vesentlege arealmessige konsekvensar.

Som grunngeving for dispensasjon vert ført at tiltaket er på ein "eigedom som er bygd på", som tidlegare inngjekk i kommuneplanen som byggeområde etter § 3.1 i føresegnene til kommuneplanen.

Vidare legg administrasjonen til grunn at det aktuelle byggjearbeidet ligg innanfor dei kriteria som ligg føre i rutinemal av 9. desember 2008, handsama i plan- og miljøutvalet i sak nr 121/2009.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert gitt fritak frå gebyr for handsaming av dispensasjon (kommunestyresak 28/09) Det vert sendt faktura til tiltakshavar .

C3.3.3 Søknapliktige tiltak (Pbl§20-2)- "Småaker"	6.000,-
---	---------

Vedtak 1:

1. Dispensasjon frå *kommunedelplan for Knarvik – Alversund* vert gitt med fullmakt frå plan- og miljøutvalet i **sak nr121/2009**. Som følgje av dette vert dispensasjon sendt planstyremakter på fylkesnivå til klagevurdering med 4 veker klagefrist. Er det ikkje komme inn klage innafør fristen, vert saka oppfatta som godkjent.

(forts.)

Vedtak 2:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-2 vert søknaden godkjent på følgjande vilkår:

1. Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. SAK § 12-1, TEK 10.
2. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gitt (pbl § 21-10).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gitt, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle (s)
avdelingsleiar



Knut Bjørnevoll

Kopi til:

Johannes Litleskare	Litleskare	5911	ALVERSUND
Fylkesmannen i Hordaland,	Miljøvernavdelinga	Postboks 7310	5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland,	landbruksavdelinga	Postboks 7310	5020 Bergen
Hordaland Fylkeskommune,	Kommunesamarbeid	Postboks 7900	5020 Bergen